

Nettverk for samfunnsfaga i lærar-, lektor- og barnehagelærerutdanningane

September 2018

Leiaren har ordet

I dette nummeret

- s. 1 Leiaren har ordet
- s. 2 Nettverksstyret
- s. 3-4 Presentasjon av samfunnsfagmiljøet ved Dronning Mauds Minne (Trondheim)
- s. 4 Nettverkskonferansen 2018 i Drammen 28.-29. nov
- s. 5 Nordic PhD-course: Democracy and Citizenship in Education. 8-11 Okt.
- s. 5 Møt en kollega. Presentasjon av dosent Kari Hoås Moen, Dronning Mauds minne.
- s. 6 Presentasjon av forskar-gruppa for læremiddelhistorie og – analyse, USN.
- s. 7 Fagfornyng: Oversyn over læreplangrupper og fast-sette kjernelement i samfunnsfaga.

NB: STOFF-FRIST TIL NETTVERKSREVISJON NR 3 2018

ER 20. OKTOBER. Send til hakon.folkenborg@uit.no.

Hugs å melda deg på og gjerne melda inn bidrag til nettverkskonferansen 28. og 29. november ved USN, Drammen! Det vert stipendiatsamling 27. november, dersom mange nok stipendiatar melder seg på

Roar Madsen, roar.madsen@ntnu.no

Når dette vart skrivne, visste me ikkje kor mange nye studentar me møtte i alle dei ulike lærarutdanningane me er involverte i hausten 2018. Men me kan nok vera temmeleg sikre på at oppstartskulla både på lektorutdanningane, barnehagelærerutdanningane og grunnskulelærerutdanningane 1-7 og 5-10 skal vera større, kanskje til og med klårt større, enn i 2017. Det er gjeve opptak til 6,16% fleire studentar på lektorutdanningane, 7,41% fleire på barnehagelærerutdanningane, 11,66% fleire på grunnskulelærerutdanning 1-7 og 15,79% fleire på grunnskulelærerutdanning 5-10. I det store oversynsbiletet, kan det vera grunn til å vera nøgd med det. Det vil med sterkt sannsyn tyda at det samla sett dryp meir av samfunnsfag i ulike fasettar på dette studentkullet. Naturlegvis mykje avhengig av kva fagval dei gjer. Men som anna velstand, er heller ikkje denne jamnt fordelt. Det står svært mange studieplassar tome, særleg på GLU 1-7, og det er særleg dei mindre insti-tusjonane eller lærestadene som slit tungt med rekruttering. Over tid kan det gje endå sterkare sentralisering enn den alle fusjonane i sektoren alt har pressa fram. Det er heller ikkje uproblematisk at det er *svært* store skilnader i faktiske inntakskrav mellom ytterpunktane barnehagelærerutdanningar og lektorutdanningar.

Ei viktig sak for dei av oss som utdannar lærarar til grunnskulen og vidaregåande skule, er fagfornyng av skulefaga. KD har fastsett kjerneelement for alle fag som skal fornyast, og Udir har oppnemnd medlemmer til grupper som skal utarbeida utkast til nye læreplanar. Det er ikkje overraskande at Udir har handplukka fleire av «våre folk» til desse læreplangruppene. Sjå oversyn over kjerneelementa og læreplangruppene seinare i dette nyhendebrevet.

Vakne og interesserte nettverksmedlemmer kan ha fått med seg ein del medieoppslag i t.d. Klassekampen, Aftenposten og Dagens Næringsliv i samband med fagfornyng. Klassekampen hadde t.d. ein heil intervju-/reportasjeserie som bragte skarp kritikk (og forsvar) for ein brei trend til å «avhistorisera» og kulturelt fråkople læreplanane i ei rad skulefag. Det ordskiftet er nok ikkje slutt, og ei rekkje andre vil sjølvsagt kunne melda seg når dei fyrste utkasta til læreplanar kjem i haust.

Årets vakraste nettverkseventyr vert den andre nasjonale nettverkskonferansen ved USN i Drammen 28.-29. november. Det er i høgsesongen for personalseminar og andre liknande arrangement – sjå til at du melder deg på nettverkskonferansen! De kan lesa meir om konferansen både i nyhendebrevet og på nettsidene våre <http://samfunnsfag.net/konferanse.html> Der kan De og melda dykk på. Hugs at det er abstractfrist 20. september! Det er berre å byrja å tenkja på kva du og dine faglege «medsamansvorne» vil bidra med der. Styret for nettverket ynskjer seg sjølvsagt og at arrangørar for nettverkskonferansen 2019 melder seg – helst *før* årets konferanse. Hørde De den oppmodinga i Bergen, Stavanger, Kristiansand eller andre stader?

Nettverksstyret

Det fyrste årsmøtet for nettverket (2017) slo fast at styret skulle ha representasjon frå regionar, definert som nord, midt, aust, sør og vest.

Nettsidene til nettverket har adressa: <http://www.samfunnsfag.net/>

Leiar: **Roar Madsen** er fyrsteamanuensis ved Institutt for Lærarutdanning, Noregs Teknisk-Naturvitskaplege Universitet (region midt). E-post: roar.madsen@ntnu.no. Tlf.: 73412794 (arbeid).

Nestleiar: **Kari-Mette Walmann Hidle** er fyrsteamanuensis ved Institutt for sosiologi og sosial arbeid, Universitetet i Agder (region sør). E-post: kari.m.hidle@uia.no. Tlf: 38142042

Ansvarleg for nyhendebrev: **Håkon Rune Folkenborg** er fyrstelektor ved Institutt for Pedagogikk og Lærarutdanning, Universitetet i Tromsø – Noregs Arktiske Universitet (region nord). E-post: hakon.folkenborg@uit.no. Tlf: 77660438 (arbeid).

Ansvarleg for nettside og for nettverkskonferansen 2018: **Heidi Biseth** er fyrsteamanuensis ved Institutt for kultur, religion og samfunnsfag, Høgskolen i Sørøst-Norge (region aust). E-post: Heidi.Biseth@usn.no. Tlf: 31008772 (arbeid).

Ansvarleg for medlemskap/organisasjon: **Erlend Eidsvik** er fyrsteamanuensis ved Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag, Høgskulen på Vestlandet (region vest). E-post: Erlend.Eidsvik@hvl.no. Tlf: 55585790 (arbeid).

Tips om stoff til eller ferdigformulerte bidrag i komande nyhendebrev/på nettsida vår, er hjarteleg velkomne til Heidi Biseth (nettsida) eller Håkon Rune Folkenborg (nyhendebrev). Tips gjerne om stillingsutlysingar, bok- eller artikkelutgjevingar, disputasar, konferansar eller forskingsprosjekt de gjerne vil ha fleire samarbeidspartnarar til. Det er lov til å bruka nettverket til den typen «kontaktannonse»... Synspunkt – risande eller rosande – eller framlegg til saker nettverket bør vera (meir) opptekne av, er sjølvstakt både hjarteleg velkomne, og ikkje minst heilt nødvendig, når nettverket etterkvart skal «finna seg sjølv» og si «form».



Roar Madsen



Kari-Mette W. Hidle



Håkon R. Folkenborg



Erlend Eidsvik



Heidi Biseth

Seksjon samfunnsfag ved Dronning Maud Minnes Høgskole for barnehagelærerutdanning



Av seksjonsleder Gjertrud Stordal

Dronning Maud Minnes Høgskole for barnehagelærerutdanning ligger på Dalen i Trondheim og er den eneste høgskolen i landet som har utdanning av barnehagelærere som hovedoppgave. Høgskolen arbeider aktivt for å ivareta barns behov og rettigheter, samt å synliggjøre barns perspektiver i samfunnet. Studieåret 2018/19 har høgskolen omtrent 1350 studenter og 156 ansatte.

Samfunnsfagseksjonen ved DMMH består av 13 ansatte og er høgskolens nest største seksjon. De ansatte har bred kompetanse og erfaring, og består av to dosenter, en professor i ledelse, fire førsteamanuenser, to førstelektorer og fire høgskolelektorer.

Hovedtyngden av disse har bakgrunn i sosiologi, men seksjonen har også en statsviter, en samfunnsfagdidaktiker, og barnehagepedagog med vekt på ledelse. Med økende studenttall og stor utvikling innen barnehagefeltet, er det mange spennende oppgaver og utfordringer å ta tak i for seksjonens ansatte.

De ansatte ved seksjonen underviser i samfunnsfaglige emner på bachelorprogram for Barnehagelærerutdanning og på masterprogrammene. Særlig er seksjonen tungt inne på Master i barnehageledelse. Våren 2018 uteksaminerte høgskolen de første studentene i denne masteren, og de kommende årene vil stadig flere studenter bli uteksaminert fra høgskolen med masterutdannelse innen ledelse eller i noen av de andre emnene som tilbys ved høgskolen. Seksjonen har også vært sentral i Nasjonal lederutdanning for barnehagestyrere, styrerutdanningen i Midt-Norge siden opprettelsen i 2011.

Stående til venstre: Kjell-Åge Gotvassli og Per Tore Granrusten. Sittende fra venstre: Kristine W. Smedby, Hanne Merete H. Kleiven (foran), Elsa Fjeldavli, Kari Hoås Moen, Arnt Nordli, Kari Emilsen og Birgitte Ljunggren. Stående til høyre: Gry Mette Haugen og Gjertrud Stordal. Anne Svendsen og Laila S. Flormælen var ikke til stede da bildet ble tatt.



Foto: Berit Gåsbakk.

Forskning og arbeid med utviklingsprosjekter utgjør en stor del av virksomheten ved seksjonen. Forskningsfeltene spenner fra organisasjon og ledelse i barnehagen, styring av barnehagesektoren, velferdsstat og demokrati, nærmiljø og samfunnsfagdidaktikk, likestilling og likeverd i barnehagen, samt barns rettigheter og kartleggingsverktøy i barnehagen. Våren 2018 arrangerte medlemmer i seksjonen en nasjonal barnehagesosiologisk konferanse, den første i sitt slag, med flere spennende foredragsholdere og bidragsyttere fra feltet. Neste konferanse avholdes våren 2019.

**Samfunnsfagmiljøet på
DMMH**

De ansatte er også medlem av ulike nasjonale og internasjonale nettverk og står i bresjen for flere barnehagesosiologiske nettverk: International Leadership Research Forum Early Childhood (ILRF EC):

<http://ilrfec.org>

Menn i barnehagen: www.mennibarnehagen.no og <https://www.eecera.org/sigs/gender-balance/>

Barnehagesosiologi i Norge:

<https://www.facebook.com/groups/781836408659045/>

Velkommen til stimulerende og faglig utviklende diskusjoner og møteplasser for samfunnsfagene i Drammen 28. og 29. november 2018!

Konferanser

Nettverkets årlige konferanse finner sted 28. og 29. november

«Lærerutdanningene fram mot 2025:
muligheter og utfordringer for samfunnsfagene»

Universitetet i Sørøst-Norge (campus Drammen)



Samfunnsfagskonferansen 2018 vil bruke [den nasjonale strategien for lærerutdanningene](#) som et utgangspunkt for å utforske spørsmålene: Hvordan ser utfordringene og mulighetene ut fra samfunnsfagenes ståsteder? Hvordan kan samfunnsfagene svare på utfordringene?

Vi ønsker en bred og åpen tilnærming til temaet og kritiske og reflekterte bidrag i form av postersesjoner, korte paperinnlegg, [PechaKucha](#)-presentasjoner og rundebordskonferanser.

Frist for innsending av abstract: **20. september**. Se mer informasjon [her](#).

Det blir også en egen workshop for stipendiater 27. november fra kl. 13 dersom det blir nok påmeldte. Mer info [her](#).

Velkommen til stimulerende og faglig utviklende diskusjoner og møteplasser for samfunnsfagene i Drammen 28. og 29. november 2018!

*Mer informasjon om
konferansen ligger lenket til
på vår [nettside](#)*

På våre nettsider ligger det også en oversikt over tidsskrifter som er viktige/sentrale for mange av våre medlemmer, med lenker. Det kan være lurt å tenke på om en ønsker å videreutvikle konferansebidrag til (fagfelleverderte) publikasjoner. I neste nyhetsbrev vil det komme en slik oppfordring fra Nordidactica, kanskje også fra andre av tidsskriftene.

Nordic PhD course: Democracy and Citizenship in Education - Social science education today and tomorrow

Graduate School, Arts at Aarhus University

Description:

The Nordic research course on 'Democracy and Citizenship in Education' gives an overview of the current research discussion surrounding democracy and pedagogy with particular focus on the discussion about populism that is happening right now.

Aim:

The aim of the course/what the PhD students will learn from the course: They get both significant input and the opportunity to present and discuss their own project. Furthermore, they will have the opportunity to analyse other methodological issues.

Detailed program: <http://phdcourses.dk/Course/63049#.W42DIORIJpx>

Course dates

08 October 2018 - 11 October 2018

Place/Venue

Campus Emdrup, Tuborgvej 164
see rooms under "Venue"

City

Copenhagen NV

ECTS

4 points

Registration (deadline 8 Sep)

<https://auws.au.dk/democracyandcitizenshipE20>

Program:

Tuesday 9/10 – Market, democracy, populism and education -The (normative) functions of social science education

Wednesday 10/10 – Challenges to the liberal democratic consensus and the issue of national identity

Thursday 11/10 Research, methodology and theory in studies of democracy and education Social studies workshop: analytical-methodological concerns

Møt en kollega!

DOSENT KARI HOÅS MOEN DRONNING MAUDS MINNE HØGSKOLE FOR BARNEHAGELÆRERUTDANNING (DMMH)



Kari Hoås Moen er dosent i samfunnsfag og har vært ansatt ved DMMH siden 1991. Hun kom fra daværende Levanger lærerhøgskole hvor hun underviste i samfunnsfag ved barnehagelærer- og allmennlærerutdanningen.

Kari har en bred samfunnsfaglig forankring i sin cand. polit.-grad med hovedfag i sosiologi, mellomfag i historie og grunnfag i kriminologi. Når hun i tillegg er utdannet barnehagelærer og har praktisk erfaring fra arbeid i barnehager og barnehage-forvaltningen (fylkesmannen), opplever hun seg svært hjemme i samfunnsfag i barnehagelærerutdanningen.

Med sin lange fartstid, har Kari undervist i mange samfunnsfaglige temaer i barnehagelærerutdanningen på bachelornivå og i forskjellige temaer om barnehageledelse opp til masternivå. Hun har deltatt i en rekke forsknings- og utviklingsprosjekter innenfor barnehagefeltet der tematikken har sentrert omkring samfunnsfaglig didaktikk i barnehagen, natur- og friluftsbarnhager og organisasjon og ledelse i barnehagen. Det mest omfattende prosjektet hun har deltatt i er «Ledelse for læring: utfordringer for barnehager i Norge» som ble støttet av Norges forskningsråd.

På grunnlag av dette og andre prosjekter har hun publisert en rekke bøker og artikler nasjonalt og internasjonalt. Kari har vært aktiv i nettverket International Leadership Research Forum Early Childhood (ILRFEC) siden det startet og har bidratt i flere publikasjoner i regi av nettverket. Hun er for tiden med i en regjeringsoppnevnt ekspertgruppe som skal frambringe et kunnskapsgrunnlag om barnehagelærerrollen og yrkesutøvelsen. Dette skal være utgangspunkt for ekspertgruppens forslag til hvordan barnehagelærerrollen kan utvikles.

Kari er glad i å reise både på jobb og privat. Når hun har fri har hun ellers særlig stor glede av å være sammen sine to barnebarn som stadig minner henne hvem arbeidet hennes til syvende og sist bør komme til gode.

E-post: khm@dmmh.no

Presentasjon av forskargruppe om lærelæremiddelhistorie- og analyse, USN

Av Roar Madsen; roar.madsen@ntnu.no

Dette forskingsfeltet har tradisjonar ved dei institusjonane som fusjonerte og etterkvart vart til Universitetet i Sørøst-Noreg (USN), noko som vel heller ikkje er heilt utan samanheng med at denne institusjonen ogso tidlegare har utvikla kompetanse til å tilby studie på masternivå i faglitterær skrivning.

Kontaktpersonar for forskargruppa er professor Merethe Roos (Institutt for kultur, religion og samfunnsfag) og stipendiat Ommund Carsten Vareberg (Institutt for språk og litteratur). Med seg i forskargruppa har dei 27 andre vitenskapleg tilsette frå ulike USN-lærestader, i tillegg har gruppa med seg tre andre vitenskapleg tilsette frå OsloMet og Universitetet i Oslo. Medlemene i forskargruppa har ulik primær vitenskapsfagleg bakgrunn og ulik innstusjons- og institutttilhøyre. Dette er soleis ikkje berre ei samfunnsfagleg (i skule- og lærar- utdanningsfagleg tyding) forskargruppe – ho er i høgste grad fleirfagleg, med innslag både frå historie/samfunnsfag, idrettsfag/kroppsøving, engelsk, religionsfag/KRLE, realfag og pedagogikk.

Forskargruppa skriv sjølv på nettsidene sine <https://www.usn.no/forskning/hva-forsker-vi-pa/humanistiske-fag/laremiddelhistorie-og-analyse/> at

«Vi forsker på læremidler i vid forstand, både trykte og digitale, men med særlig vekt på skoleinstitusjonen. Forskningsgruppa vektlegger spesielt historiefaglige og ulike former for tekstteoretiske tilnærmingar til læremiddelstudier.»

Metodisk gjev forskargruppa signal om at ho brukar humaniora- og samfunnsvitenskaplege forskingsmetodar og teoriar/forståingar i svært brei vifte:

«Forskergruppa forholder seg til en rekke forskjellige tekst- og språkvitenskapelige teorier, for eksempel diskursanalyse, fenomenologi, kognitiv metafor-teori, literacyforskning, multimodalitet, narratologi, pragmatikk, resepsjonsteori, retorikk, semiotikk, systemisk-funksjonell lingvistikk og tekstlingvistikk, men også kvalitative og kvantitative metoder kjent fra samfunnsforskninga.»

Ei spesifikk historisk orientering kjem og til syne gjennom uttrykt tru på at læremidla ogso er eigna til å fortelja mykje som si samtid og dei historiske samhengane dei har vortne til i, med tilhøyrande dominerande perspektiv og blindsoner. Av dette fylgjer at gruppa og forskar på lærebøker og andre læremiddel som *historiske dokument*, ikkje berre som forfattar- eller elevtekstar.

Forskargruppa både er eit nettverk og byggjer nettverk med andre relevante fagmiljø i Noreg og internasjonalt. Dei oppgjev sjølv desse samarbeids- og nettverkspartnarane:

- Forskergruppa for tekst og retorikk (ILN/UiO)
- Forskningsgruppen för utbildningshistoria (Uppsala Universitet)
- IARTEM (The International Association for Research on Textbooks and Educational Media)
- Læremiddel.dk (Nationalt videntcenter for læremidler, UCL/Danmark)

Forskargruppa for læremiddelhistorie og –analyse har fleire større strategiske satsingar. Fleire av medlemene er involverte i arbeidet med ein engelskspråkleg antologi om den tydinga skulereformar i Norden har hatt for læremidla. Etter planen skal den koma ut i 2020. Vidare «har [forskergruppa] starta arbeidet med et FoU-program om læremiddelhistorie og læremiddeldidaktikk. Målet er å styrke området læremiddelhistorie og å utvikle en allmenn og fagspesifikk læremiddeldidaktikk for lærerutdanninga.»



Kontaktpersonar:

Merethe Roos:

merethe.roos@usn.no

Tlf: [35 02 65 14](tel:35026514)

Ommund C.

Vareberg:

Ommund.Vareberg@u

sn.no

Tlf: [31 00 91 70](tel:31009170) /

[977 01 107](tel:97701107)

Nettstad med oversyn over medlemmer:

<https://www.usn.no/forskning/hva-forsker-vi-pa/humanistiske-fag/laremiddelhisto>

LÆREPLANGGRUPPER OG FASTSETTE KJERNEELEMENT

LÆREPLANGGRUPPER OG FASTSETTE KJERNEELEMENT I SAMFUNNSFAGA		
Fag	Læreplanggruppe ¹	Fastsette kjerneelement
Samf-fag	<p><i>Kristine Waters</i>, u-skulen</p> <p><i>Guri Benjaminsen</i>, 1.-4. klasse</p> <p><i>Anne Karine Jenssen</i>, 5.-7. klasse</p> <p><i>Britt Kramvig</i>. Prof. Inst. for reiseliv og nordlege studie, Univ. i Tromsø, Alta.</p> <p><i>Majja Smuk Solbakk</i>, 1.-10. klasse</p> <p><i>Håkon Rune Folkenborg</i>. Fyrstelektor i samfunnsfag, Inst. for lærerutdanning og ped., Univ. i Tromsø..</p> <p><i>Kjell Evensen</i>, u-skulen</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Undring og utforskning • Samfunnskritisk tenkning og sammenhenger • Demokrati og medborgerskap • Bærekraftig utvikling • Identitetsutvikling og fellesskap <p>Endring: Elevene skal få større forståelse for faget gjennom økt vekt på metode. Det vil bli tydeligere sammenheng mellom geografi, historie og samfunnskunnskap.</p> <p>Sentralt innhold tar utgangspunkt i tverrfaglige tema, særlig demokrati og medborgerskap og bærekraftig utvikling. Samfunnsfag får et spesielt ansvar for digitale ferdigheter.</p>
Samf-kunnskap (vgo)	<p><i>Erik Høivold</i>, vgo</p> <p><i>Emily Alisin</i>, vgo</p> <p><i>Elise Farstad Djupedal</i>. Stip. i ped., Inst. for Lærerutdanning, NTNU</p> <p><i>Guro Hageengen</i>, vgo</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Undring og utforskning • Perspektivmangfold og samfunnskritisk tenkning • Medborgerskap og bærekraftig utvikling • Identitet og livsmestring <p>Endring: Samfunnsfag i videregående endrer navn til samfunnskunnskap for å tydeliggjøre forskjellen mellom grunnskolefaget og videregående opplæring. Samfunnskunnskap blir mer utforskende og elevene skal få større forståelse for faget gjennom økt vekt på metode. Personlig økonomi ligger under kjerneelementet identitet og livsmestring</p>
Geografi	<p><i>Anne Kristine Øverås</i>. Univ.-lektor i geografididaktikk, Inst. for Lærerutdanning – NTNU.</p> <p><i>Elisabeth R. Måkestad</i>, vgo</p> <p><i>Kåre Høyser</i>, vgo</p> <p><i>Anne Inger Eira Lilleng</i>, vgo</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Utforskning og geografiske metoder • Naturgitt og menneskeskapt rom • Bærekraftig utvikling og globalisering <p>Endring: Elevene skal kunne forstå sammenhenger mellom natur og samfunn som rammer for livsgrunnlag og levekår. Faget blir også mer fremtidsrettet ved å fokusere på bærekraftige handlingsalternativer og elevene som aktivt skapende.</p>
Historie	<p><i>Marit Ulrika Opperud</i>, vgo</p> <p><i>Karsten Korbøl</i>. Univ.-lektor i historiedidaktikk, Inst. for Lærerutdanning og skoleutvikling – UiO/Lektor Hartvig Nissen skole.</p> <p><i>Anne Marie Siri</i>, vgo</p> <p><i>Lars Busterud</i>. Univ.-lektor i historiedidaktikk, Inst. for Lærerutdanning – NTNU.</p> <p><i>Stian Johansen Tiller</i>, vgo</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Historiebevissthet • Utforskende historie og kildekritisk bevissthet • Historisk empati, sammenhenger og perspektiver • Mennesker og samfunn i fortid, nåtid og framtid <p>Endring: Faget skal bli mer relevant for elevene ved å stille store spørsmål og vektlegge historiebevissthet. Det skal bli tydeligere sammenheng mellom samfunnsfagene i skolen. Elevene skal også få større forståelse for faget gjennom økt vekt på metode.</p>